

Beitemarksopp på vestkysten av Karmøy

Fagrunnlag for supplerande vern



Miljøfaglig
Utredning

Rapport MU2025

Framsidebilette

*Eit lite knippe beitemarksopp frå
Otravika på Karmøy. Gul vokssopp til
venstre og gulfotvokssopp (VU) til høgre.
Foto: Sylvelin Tellnes (ST).*

RAPPORT 2025-40

Utførende institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Prosjektansvarleg: Sylvelin Tellnes
	Prosjektmedarbeidar(ar): John Bjarne Jordal, Bjørn Harald Larsen, Anna Grimsland
Oppdragsgjevar: Statsforvaltaren i Rogaland	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Einar Heegaard
Referanse: Tellnes, S., Jordal, J.B., Larsen, B.H., Grimsland, A. 2025. Beitemarksopp på vestkysten av Karmøy. Fagrunnlag for supplerande vern. Miljøfaglig Utredning rapport 2025-40, 39 s., ISBN 978-82-345-0733-5.	
Referat: Miljøfaglig Utredning AS har gjennomført ei artskartlegging av beitemarksopp i eit føreslått område for supplerande vern i Karmøy kommune i Rogaland. Kartlegginga er utført på oppdrag frå Statsforvaltaren i Rogaland. Beitemarksopp er ei gruppe soppartar særleg knytt til semi-naturleg eng (naturbeitemark og slåtte-mark) som er truga naturtypar. Fordi mange av desse artane har snevre habitatkrav knytt til ein truga naturtype er mange av dei raudlista og forvaltninginteressante. Totalt er det funne 27 raudlista beitemarksopp i kartleggingsområdet frå denne og tidlegare feltundersøkingar. 5 raudlista artar blei funne i 2024 (beitemarksoppsesongen var dårleg), medan 12 artar blei registrerte gjennom miljøDNA av jordprøver tatt i seks delområde. Resten av raudlisteartane er funne i tidlegare år. Nokre fleire funn kan i tillegg kome då 32 belegg er sendt til DNA-sekvensering, samt at fleire artar frå jordprøver seinare kan bli skildra og vurderte for raudlista. Forutan raudlisteartar er det funne svært mange funn av andre beitemarksoppar, og over 180 funn i 2024. Kartleggingsområdet har eit stort areal av naturbeitemark med god tilstand, og har framleis høgt potensial for fleire funn av raudlista beitemarksopp. Området har klåre verneverdiar og ein bør elles nytta føre-var-prinsippet i forvaltning av naturmangfaldet i området.	

FORORD

Miljøfaglig Utredning AS har gjennomført ei artskartlegging av beitemarksopp i eit føreslått område for supplerande vern i Karmøy kommune i Rogaland. Kartlegginga er utført på oppdrag frå Statsforvaltaren i Rogaland. Føremålet har vore å få ein oppdatert kunnskap om naturmangfald og naturverdiar knytt til sopp i området.

Kontaktperson hos Statsforvaltaren i Vestland har vore Einar Heegard, som takkast for bidrag og informasjon under prosjektet. Prosjektansvarleg for Miljøfaglig Utredning har vore Sylvelin Tellnes som har utført feltarbeid saman med John Bjarne Jordal og Bjørn Harald Larsen. Masterstudenten Anna Grimsland deltok i feltarbeidet som ein del av hennar masteroppgåve.

Os i Østerdalen/Tingvoll/Eina/Oslo

Miljøfaglig Utredning AS

Sylvelin Tellnes

John Bjarne Jordal

Bjørn Harald Larsen

Anna Grimsland

INNHALD

FORORD.....	4
INNHALD.....	5
1 INNLEIING	6
1.1 BAKGRUNN OG FØREMÅL.....	6
1.2 KVA ER BEITEMARKSOPP?	7
1.3 TIDLEGARE REGISTRERINGAR	7
1.3.1 Tinnvokssopp ved Åkra.....	7
2 METODE	9
2.1 KARTLEGGINGSVERKTØY	9
2.2 GJENNOMFØRING AV FELTARBEID	9
2.3 DNA-SEKVENSERING AV SOPPBELEGG OG JORDPRØVAR	10
3 FUNN AV BEITEMARKSOPP	11
3.1 LISTE OVER ALLE RAUDLISTEARTAR.....	11
3.2 SOPPFUNN (FRUKTLEKAMAR OPPÅ JORDA).....	12
3.2.1 Foto av beitemarksopp frå utgreiingsområdet.....	16
3.3 SOPP I JORDPRØVAR (EDNA)	20
3.3.1 Foto frå jordprøvelokalitetane	30
3.4 SAMANLIKNING AV RESULTAT FRÅ FELT- OG DNA-UNDERSØKINGAR.....	35
4 FUNN AV ANDRE INTERESSANTE SOPPAR	38
5 FORVALTNINGSRELEVANTE PROBLEMSTILLINGAR/TILSTAND	39
5.1 OMRÅDE SOM IKKJE BEITAST	39
5.2 INTENSIVT BEITETRYKK.....	39
6 KJELDER.....	41
6.1 SKRIFTLIGE KJELDER.....	41
7 VEDLEGG 1	43

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål

Statsforvaltaren i Rogaland arbeider med supplerande vern av verdifull natur i fylket. Som grunnlag for verneprosessane er det trong for kartlegging av naturtilhøve og naturverdiar i kandidatoma. I denne samanheng vurderte Statsforvaltaren at det var ønskeleg med ei artskartlegging av beitemarksopp då potensialet for desse var høgt. Undersøkingane hadde difor som formål å auka kunnskapen om beitemarksopp. Beitemarksopp er ei gruppe sopp knytt til ugjødsla, og upløgde semi-naturleg eng (naturbeitemark, slåttemark) og der eit stort tal er raudlista. Ei kartlegging av desse vil kunne auke dei kjende naturverdiane i området. I denne rapporten vert resultatane frå feltarbeidet i 2024 på vestkysten i Karmøy kommune presentert. Føremålet med rapporten er å auka kunnskapen om beitemarksopp i utgreiingsområdet på vestsida av Karmøy, både ved nyregistreringar og samanstilling av eksisterande kunnskap.



Figur 1. Avgrensing av foreslått landskapsverneområde vestkyst Karmøy og kartleggingsområdet 5 for beitemarksopp. Henta frå oppdragsskildringa.

1.2 Kva er beitemarksopp?

Beitemarksopp er soppartar som tilhøyrrer ulike grupper innanfor soppsystemet, men som har til felles at dei har eit tyngdepunkt i semi-naturleg eng. Semi-naturleg eng er gras- og urtedominert vegetasjon som har oppstått som følge av slått og/eller beiting, utan pløying, gjødsling og sprøyting. Internasjonalt har desse soppene vore kalla CHEGD fungi (jf. t.d. Griffith m.fl. 2013), eit akronym for dei ulike soppgruppene som inngår: C=Clavariaceae (finger- og køllesopp, slektene *Clavaria*, *Clavulinopsis*, *Ramariopsis*, *Camarophyllopsis*, *Lamelloclavaria* og *Hodophilus*), H=Hygrophoraceae (ulike slekter av vokssopp – *Cuphophyllus*, *Gliophorus*, *Gloioxanthomyces*, *Hygrocybe*, *Neohygrocybe*), E=*Entoloma* (raudsporar), G=Geoglossaceae m.m. (jordtunger, slektene *Geoglossum*, *Glutinoglossum*, *Hemileucoglossum*, *Trichoglossum*, *Microglossum*) og D=*Dermoloma*/Tricholomataceae (grynmusserongar og narremusserongar, slektene *Dermoloma* og *Pseudotricholoma*).

1.3 Tidlegare registreringar

Området som er best undersøkt for beitemarksopp frå tidlegare, er området mellom Åkrasanden og Garden, dvs. sørover frå Åkrasanden. Her har det vore undersøkingar ei rekkje gonger. Det meste av dette er å finna i Artskart/Artsobservasjonar, men noko finst og i ulike rapportar, m.a. Fadnes (2009). Forøvrig er det gjort fleire botaniske undersøkingar i området om ikkje er nemnt i denne rapporten.

1.3.1 Tinnvokssopp ved Åkra

Opprinneleg vart seks artar av beitemarksopp føreslått som prioriterte artar (Jordal 2013). Seinare, som ein del av oppfølginga av St.meld. 14 (2015-2016) «Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold», har det kome forslag frå Miljødirektoratet om at tinnvokssopp *Cuphophyllus atlanticus* (EN – sterkt truga) vert vurdert som prioritert art. Etter dette utførte Jordal (2019) ei samanstilling av kjende lokalitetar, og avgrensa funksjonsområde for arten (Figur 3). Tinnvokssoppen er i undersøkingsområdet kjent frå beitemarkene sør for Åkrasanden. Dette er ein av 21 kjende, sikre norske lokalitetar (Jordal m.fl. 2025).



Figur 2. T.v. tinnvokssopp på Åkra i Karmøy, t.h. omtrentleg funnstad for tinnvokssoppen i 2008 (jf. Fadnes 2009). Foto: Per Fadnes (henta frå Jordal 2019).

På Figur 3 under ser ein også fargeskilnaden mellom knausane ut mot havet, som truleg i hovudsak er ugjødsla (semi-naturleg eng), og dei grønare, gjødseipåverka markene innanfor. Beitemarksoppene finst omtrent berre i semi-naturleg eng og ikkje i dei gjødsla partia.



Figur 3. Funnstad for tinnvokssopp (svart prikk) og forslag til funksjonsområde for arten (raud strek) ved Åkra i Karmøy, etter Jordal (2019, figur 31). Funksjonsområdet er nyoppteikna som nordaustlege del av naturtypelokaliteten BN00082273. Her er tinnvokssoppen funnen to gonger: 26.09.2008 av Per Fadnes, Asbjørn Knutsen og Arne Vatten, og 20.10.2022 av Per Fadnes, Jostein Jektne, Helge Aksdal og Gudrun Aksdal (siste gong mindre enn 30 m frå prikken på biletet).

2 Metode

Kartlegginga vart gjennomført ved å oppsøke kartleggingsområdet og registrere synlege beitemarksopp. I tillegg vart det gjort innsamling av soppbelegg for usikre artar, artar som vi veit kan bestå av artskompleks av fleire svært like artar, og dessutan soppartar som må mikroskopierast for å bestemmast art. For å fange opp ikkje-fruktifiserande soppartar vart det i tillegg samla jordprøvar som vert sendt til DNA-sekvensering for all sopp. Desse vart sendt til laboratorium ved Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) i Trondheim.

Førekomst av raudlisteartar er eit vesentleg kriterium for å verdsetja/kvalitetsvurdera ein lokalitet eller eit større område. Raudlistestatus for artar er baserte på gjeldande norsk raudliste (Artsdatabanken 2021). Dei fem kategoriane i raudlista er viste i tekstboks 1.

Området har tidlegare vorte kartlagt etter DN-handbok 13, og etter NiN, og fleire viktige og svært viktige lokalitetar frå desse kartleggingane ligg i [Naturbase](#) (Miljødirektoratet 2025).

Tekstboks 1. Raudlistestatus:

CR = kritisk trua (Critically Endangered)
EN = sterkt trua (Endangered)
VU = sårbar (Vulnerable)
NT = nær trua (Near Threatened)
DD = datamangel (Data Deficient)

2.1 Kartleggingsverktøy

Kartlegginga vart utført med bruk av Miljødirektoratet sin applikasjon «Artar-app», for registrering av artar i felt. Artar-app registrerer artsfunn med tilknytte eigenskapar som artsnamn, tal individ, dato, posisjon, registrator osv. Artsdata blir deretter lasta opp og publisert i [Artsobservasjonar](#). Deretter vert data tilgjengelege i [Artskart](#) og GBIF.

Ein del innsamla soppkollekt kan bestemmast ved hjelp av mikroskopering. Noko mikroskopering vart utført på ferskt innsamla materiale, og dermed bestemt på denne måten ved hjelp av relevant bestemmingslitteratur.

2.2 Gjennomføring av feltarbeid

Feltarbeidet vårt vart utført av Sylvelin Tellnes 23.-27. september og av John Bjarne Jordal den 24.-26. september. I tillegg deltok Bjørn Harald Larsen eit halv dagsverk, og masterstudenten Anna Grimsland (som skriv masteroppgåve om beitemarksopp ved NMBU) deltok to feltdagar. Heile kartleggingsområdet vart oppsøkt (Figur 1) og synlege beitemarksopp blei registrert. Feltperioden i slutten september er ofte er det beste tidspunktet for soppregistreringar langs ytterkysten i Sør-Noreg. Diverre var ikkje beitemarksoppsesongen i denne perioden god i 2024. Det var lite sopp å finne, og mange eksemplar var tørre. I tillegg har vi tatt jordprøvar for DNA-sekvensering. Vi har og samla belegg av artar som er vanskelege å bestemme sikkert, og av artar som vi veit kan vere del av eit kompleks av svært like (kryptiske) artar, og sendt desse til DNA-sekvensering. Vêret var elles godt med gode kartleggingsforhold.

2.3 DNA-sekvensering av soppbelegg og jordprøvar

Sopp som ikkje var mogleg å artsbestemme sikkert blei tørka over natta ved 35 grader i varmlufttørke, gitt ein felt-ID og lagt i zip-lock-plastposar med funndata. Frå kvart belegg er det seinare tatt ut små bitar med steril pinsett og lagt i ein eigen zip-lock-plastpose merka med felt-ID. Desse prøvane vart sendt til DNA-sekvensering i februar 2025. Dette gjeld 32 belegg, og dei er levert til Bálint Dima sitt laboratorium ved Eötvös Lorand University i Budapest. Her vert dei DNA-sekvenserte og resultatet vert dessutan tolka til art/gruppe. Vi ventar ikkje svar her før til neste vinter, så desse resultata må vi derfor levera særskilt seinare.

I tillegg har vi tatt jordprøvar for eDNA-analyse på 5 lokalitetar i prosjektet + Åkraområdet i eDNA-prosjektet. Jordprøvane vart tatt i naturbeitemarker som vart vurderte til å vere i god tilstand og med potensial for interessante funn. På kvar lokalitet vart det tatt 13 jordprøvestikk med eit sterilisert jordbor med tre cm diameter innanfor ei prøveflate på 30x30 meter. Jordprøvane frå ein lokalitet vart blanda i ein tett og rein/ubrukt plastpose med zip-lock, og behandla sterilt. Dei vart deretter homogenisert (klumpar vart knust med reine plasthanskar) og tørka på reint tørkepapir på steriliserte brett i ei varmlufttørke ved 35 grader over natta til prøven var heilt tørr. Jordprøvane vart tørka i separate tørker og i eit anna rom enn soppbelegga for å unngå kontaminering frå soppsporar. Tørre jordprøvar vart så lagt i ein rein papirpose inni ein rein plastpose og lagt i frysaren etter avslutta feltarbeid. Prøvane vart levert til NINA i Trondheim i oktober 2024 og oppbevart i fryserom. Dei vart så bearbeidd og analyserte på NINA sin DNA-lab. (DNA-sekvensering vart utført saman med prøvar frå eDNA-prosjektet i seminaturleg eng. Dette prosjektet er eit samarbeid mellom Norsk Institutt for Naturforskning (NINA), Miljøfaglig Utredning (MFU) og Norges Miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU, med prosjektleiar Siri Lie Olsen). Ved å få utført analysane og bioinformatikkarbeidet (det siste utført av forskar Marie Davey ved NINA) saman med eDNA-prosjektet, har kostnaden i dette tilfellet vorte låg. Jordprøve-resultata vart tilgjengelege for oss i februar 2025, og er dermed tatt med i denne rapporten. Jordprøvedata vil bli publiserte i Artskart av NINA på NINA sin server, men vi veit ikkje når dette vil skje.

3 Funn av beitemarksopp

3.1 Liste over alle raudlisteartar

Totalt er det funne 27 raudlista beitemarksopp i kartleggingsområdet, gjennom alle feltundersøkingar, og ved funn av sopp-DNA i jordprøver. I denne lista finst ei rekkje interessante artar med spesielle habitatkrav og der fleire artar er norske ansvarsartar med ein betydeleg del av bestanden berre i Noreg. Særleg verd å nemne er funna av tinnvokssopp (EN) som berre finst på 21 kjende plassar i Noreg, og elles i Europa berre er funnen nokre stader i Sverige og Storbritannia (Jordal & Larsson 2021). Elles er slimjordtunge (EN) og vrangjordtunge (VU) to sjeldne karakterartar i slike magre, vestlandske beitemarkar. Vranglodnetunge (VU) er og relativt sjeldan og ein eksklusiv art til beitemarkene som det finst så mykje av i utgreiingsområdet. Alle desse står også på den globale raudlista (<https://www.iucnredlist.org/>), og har ein vesentleg del av bestandane sine i Noreg.

Tabell 1 Liste over alle raudlistefunn innanfor kartleggingsområdet, både av fruktleamar og i jordprøver, sorterte etter norsk raudlistekategori.

Latinsk namn	Norsk namn	Raudlistekategori Noreg	Global raudlistekategori
<i>Cuphophyllus atlanticus</i>	tinnvokssopp	EN	VU
<i>Geoglossum difforme</i>	slimjordtunge	EN	NT
<i>Cuphophyllus colemannianus</i>	brun engvokssopp	VU	VU
<i>Cuphophyllus flavipes</i>	gulfovokssopp	VU	VU
<i>Entoloma prunuloides</i>	melrødspore	VU	VU
<i>Entoloma rhombisporum</i>	rombesporet rødspore	VU	
<i>Gloioxanthomyces vitellinus</i>	gul slimvokssopp	VU	EN
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	rød honningvokssopp	VU	VU
<i>Microglossum atropurpureum</i>	vrangjordtunge	VU	VU
<i>Microglossum olivaceum</i>	oliventunge	VU	
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudspore	VU	
<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	VU	
<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	VU	VU
<i>Cuphophyllus lacmus</i>	skifervokssopp	NT	VU
<i>Cuphophyllus russocoriaceus</i>	russelærvokssopp	NT	
<i>Dermoloma cuneifolium</i>	grå grynusserong	NT	
<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå rødspore	NT	VU
<i>Hygrocybe mucronella</i>	bittervokssopp	NT	VU
<i>Hygrocybe quieta</i>	rødskivevokssopp	NT	VU
<i>Neohygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	NT	VU
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	NT	VU
<i>Entoloma ameides</i>	grå duftraudspore	NT	

<i>Entoloma albotomentosum</i>	pusleraudspore	NT	
<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	midnattsblå raudspore	NT	
<i>Geoglossum cookeanum</i>	dynejordtunge	NT	
<i>Camarophyllopsis atrovelutina</i>	fløyelsnarrevokssopp	DD	
<i>Lamelloclavaria petersenii</i>	skivekøllesopp	DD	

Under er funna gjort i denne undersøkinga delt inn i funn av fruktlekamar og funn i jordprøvar. Dette er fordi desse data har ulikt opphav og ulik tolking. Funn gjort i jordprøvar kan ha noko større usikkerheit fordi DNA frå sporenedfall frå luft og vindtransporterte objekt kan vere inkludert, også av artar som ikkje høyrer heime i naturtypen. Funna i alle jordprøvane finst i vedlegg 1.

3.2 Soppfunn (fruktlekamar oppå jorda)

I dette kapitelet går vi gjennom kunnskap basert på funn av fruktlekamar av sopp oppå jorda. Da tek vi også med tidlegare funn som finst i Artskart (nedlasta 14.3.2025). I alt er det gjort funn av 54 artar av beitemarksopp (Tabell 3). Då ser ein bort frå dei som berre er bestemt til slekt. Det er til saman gjort 94 funn av 21 artar som står på den norske raudlista av 2021 (Figur 4, og Tabell 3). Dei sjeldnaste beitemarksoppene som er funne er tinnvokssopp og slimjordtunge som er begge EN - sterkt truga. Vidare er det 10 artar som er sårbare (VU) og 9 som er nær truga (NT). Alle funn er relativt nye med registreringar mellom 2008 og 2024. Figur 4 viser alle funnstader for beitemarksopp i utgreiingsområdet, og det er ei klår konsentrasjon av raudlisteartar rundt Åkresanden. Dette skuldast klart dei store naturverdiane til området, men også at Åkresanden er systematisk kartlagt over fleire år. Ein like intens kartleggingsinnsats ville heilt sikkert auka tal av raudlistefunn også i andre område. Mesteparten av kartleggingsområdet er naturbeitemark og har difor eit potensiale for artar i denne forvaltningsinteressante gruppa. Og aktivt beite med dyr er normen i området. Likevel varierer *tilstanden* til naturbeitemarkane i nokon grad. Nokre stader har det tidlegare vore brukt noko kunstgjødsel som er ein stor trussel for dei aller fleste beitemarksopp. Attgroing er ein anna trussel som både gjer det vanskeleg å oppdaga og registrere beitemarksopp (sjølv om dei framleis kan vere tilstades i jorda). Generelt kan ein seie at der det finst beitemarksopp som ikkje er raudlista er potensialet for å finna *raudlista* beitemarksopp størst. I områda der det ikkje er nokon funn er potensialet er vurdert som dårlegare.

Ved feltarbeidet i 2024 blei det totalt gjort 187 funnsregistreringar av fruktlekamar av beitemarksopp i utgreiingsområdet. Berre 7 funn var av raudlisteartar. Dette bør seiast å vere eit lågt tal og skuldast den dårlege soppsesongen. Basert på kunnskap frå liknande område med mykje naturbeitemark på ytterkysten, t.d. i Bømlo og Stord litt lenger nord, vil det truleg finnast langt fleire artar enn dette.



Figur 4 Kart over funnstader for beitemarksopp i utgreiingsområdet. Raude prikkar: raudlisteartar, svarte prikkar: ikkje raudlista beitemarksopp. Kartet er basert på nedlasting frå Artskart pr. 14.3.2025 og egne feltundersøkingar i 2024. I tillegg finst funn frå jordprøvar på seks punkt i utgreiingsområdet (figur 13).

Tabell 2. Funn av alle raudlisteartar av beitemarksopp i kartleggingsområdet på vestkysten av Karmøy, basert på Artskart pr. 14.3.2025, med raudlistekategori og tal funn. Artane er sorterte etter raudlistestatus (EN=sterkt truga, VU=sårbar, NT=nær truga), og deretter etter registreringsfrekomst.

Vitskapleg namn	Norsk namn	Raudliste-kategori	Tal funn	Kommentar/økologi
<i>Geoglossum difforme</i>	slimjordtunge	EN	10	Sjeldan art i mager, ofte sure, friske og gamle beitemarker. Indikator på gamle lokalitetar. Kystart.
<i>Cuphophyllus atlanticus</i>	tinnvokssopp	EN	2	Sjeldan art med berre 21 funnstader i Noreg
<i>Cuphophyllus colemannianus</i>	brun engvokssopp	VU	14	Kalkrevjande vokssopp.
<i>Cuphophyllus flavipes</i> coll.	gulfovokssopp	VU	10	Artskompleks av to artar og i utgreiingsområdet kan det vere to artar: <i>C. flavipes</i> er ein sørleg art, medan <i>C. flavipesoides</i> er ein nordleg art og finst ikkje nedover i Europa. DNA-sekvensar på innsendt materiale kan gje svar på dette.

<i>Gloioxanthomyces vitellinus</i>	gul slimvokssopp	VU	9	Oseanisk ytterkystart med habitatkrav om frostfritt habitat.
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	VU	5	Kyst-art, suboseanisk.
<i>Microglossum olivaceum</i>	oliventunge	VU	4	
<i>Microglossum atropurpureum</i>	vrangjordtunge	VU	3	Kalkrevjande art som har viktigaste bestand på Sørvestlandet
<i>Entoloma madidum</i>	praktraudspore	VU	2	Kalkrevjande stor, vakker art. Den finst typisk berre på dei «beste» naturbeitemarkane
<i>Entoloma prunuloides</i>	melraudspore	VU	1	Litt kalkrevjande
<i>Entoloma rhombisporum coll.</i>	rombespora raudspore	VU	1	
<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	VU	1	Eksklusiv grasmarksart med få funn i andre naturtypar. Viktige bestandar på SV-landet
<i>Neohygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	NT	17	Strengt knytta til semi-naturleg eng, vanlegast i høyereliggjande strøk.
<i>Hygrocybe mucronella</i>	bittervokssopp	NT	8	Kalkrevjande vokssopp
<i>Cuphophyllus russocoriaceus</i>	russelærvokssopp	NT	7	Hovudutbreiing på skjelsand på kysten
<i>Geoglossum cookeanum</i>	dynejordtunge	NT	6	Gjerne i sandrike beitemarker på kysten
<i>Cuphophyllus lacmus</i>	skifervokssopp	NT	5	
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	NT	3	
<i>Dermoloma cuneifolium</i>	grå grynusserong	NT	2	Kalkkrevande art, men tilhøyrer eit kompleks av artar som er under utgreiing i Europa, kan bli ombestemt.
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	NT	1	
<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudspore	NT	1	
Totalt 21 artar				

Tabell 3. Liste med funn av alle ikkje-raudlista beitemarksopp i kartleggingsområdet på vestkysten av Karmøy, basert på Artskart pr. 14.3.2025.

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Norsk namn	Vitskapeleg namn
<i>Clavaria falcata</i>	kvit køllesopp	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	gul småfingersopp	<i>Gliophorus irrigatus</i>	grå vokssopp
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp	<i>Gliophorus laetus</i>	seig vokssopp
<i>Clavulinopsis laeticolor</i>	raudgul småkøllesopp	<i>Gliophorus psittacinus</i>	papegøye vokssopp
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp	<i>Glutinoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge
<i>Cuphophyllus pratensis</i>	engvokssopp	<i>Hygrocybe acutoconica</i>	spiss vokssopp
<i>Cuphophyllus virgineus</i>	kritt vokssopp	<i>Hygrocybe cantharellus</i>	kantarell vokssopp
<i>Entoloma caesiocinctum</i>	blårandraudspore	<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjør vokssopp
<i>Entoloma clandestinum</i>	vorteraudspore	<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp
<i>Entoloma conferendum</i>	stjernespora raudspore	<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp
<i>Entoloma exile</i>	flamme fotraudspore	<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp
<i>Entoloma infula</i>	hetteraudspore	<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp
<i>Entoloma majusculum</i>		<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudspore	<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp
<i>Entoloma sericeum</i>	beiteraudspore	<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp
<i>Entoloma serrulatum</i>	mørktanna raudspore	<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp
		<i>Trichoglossum hirsutum</i>	svartlodnetunge
Totalt 33 artar			

3.2.1 Foto av beitemarksopp frå utgreiingsområdet.



Figur 5. Ein ubestemt grynusserong, *Dermoloma*, Tarevika/Rullevika, beleggnummer ST24-19. Denne må DNA-sekvenserast før vi er sikre på arten, og vil bli lagt inn i Artskart seinare. Foto: JBJ.



Figur 6. Russelærvokssopp *Cuphophyllus russocoriaceus* (NT), Tarevika. Foto: JBJ.



Figur 7. Gulfotvokssopp-gruppa *Cuphophyllus flavipes/flavipesoides* (VU), Skiftesvika, beleggnummer JB24-116. For å vite kva for ein av desse artane som er funne er det ønskeleg med DNA-sekvensering, og det har vi ikkje resultatet av førebels. Foto: JBJ.



Figur 8. Grå vokssopp *Gliophorus irrigatus*, Breivika N, beleggnummer JB24-108. Foto: JBJ.



Figur 9. Skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, Mjølhussanden, beleggnummer JB24-110. Foto: JBJ.



Figur 10. Engvokssopp-gruppa *Cuphophyllus pratensis* coll., Mjølhussanden, beleggnummer JB24-113. Foto: JBJ.



Figur 11. Papegøyevokssopp *Gliophorus psittacinus*, Mjølhussanden, beleggnummer JB24-112. Foto: JBJ.



Figur 12. Kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*, Mjølhussanden, beleggnummer JB24-114. Foto: JBJ.

3.3 Sopp i jordprøver (eDNA)

For få meir data blei det tatt jordprøver samla på seks lokalitetar (Figur 13 og Tabell 4). Jordprøvane vart tatt i naturbeitemark som hadde nokså god tilstand, med lite gjødselpåverknad og ikkje for mykje attgroing. Dette viste seg også å vere nyttig sidan beitemarkssoppsesongen var dårleg.



Figur 13. Kart over undersøkingsområdet og stadane der vi tok jordprøver (raude prikkar).

Tabell 4 Koordinater for funnsted.

Jordprøve	Koordinat UTM 33V	
Sukkerdalen	-59734	6601763
Breivika	-59843	6602343
Rullevik nord	-59429	6605280
Ferkingstadneset	-59619	6606693
Sandvesanden	-59135	6600243
Åkrasanden nord	-58308	6608345
Åkrasanden sør	-58294	6608435

I dei seks jordprøvane vart det funne totalt 2212 ulike «artar» som kunne separerast med samanlikning av DNA-sekvensar. Berre ca. 286 av desse kunne bestemmast til art basert på

noverande kunnskap og desse er presenterte i vedlegg 1. Elles vart 740 «artar» berre bestemt til slekt, 351 til familie, 432 til orden, 136 til klasse, og vel 100 vart berre bestemt til soppraket – dvs. med heilt ukjent plassering i soppsystemet. Dette er truleg artar som anten sjeldan formar fruktleamar, eller som er lik kjente arter, slik at ein ikkje så lett oppdagar at det er egne arter når ein finn fruktleamar, før ein eventuelt har fått dei DNA-sekvensert. Innanfor beitemarkssoppene er det særleg mange ukjente artar i slekter som *Clavaria*, *Clavulinopsis*, *Geoglossum*, *Ramariopsis* og *Trichoglossum*. Slike artar krev mykje innsats før ein får beskrive dei vitskapleg.

I alle jordprøver blei det funne beitemarkssopp, både raudlista og ikkje-raudlista. Totalt blei det funne omlag 45 artar av beitemarkssopp (men sidan nokre artar er dårleg kjende er det noko usikkert om alle desse er beitemarkssopp). Av desse er heile 12 artar raudlista med totalt 18 funn (Tabell 5). 8 av desse var heller ikkje tidlegare kjende i området.

Tabell 5. Raudlista artar som blei funne i jordprøver, sorterte etter raudlistekategori.

Latinsk namn	Norsk namn	Raudlistekategori	Funnstad
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudspore	VU	Sør for Åkresanden
<i>Gloioxanthomyces vitellinus</i>	gul slimvokssopp	VU	Sør for Åkresanden, Sukkerdalen
<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	VU	Tarevika
<i>Trichoglossum walteri</i>	vraglodnetunge	VU	Sør for Åkresanden, Breivik, Tarevika, Ferkingstadneset
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	NT	Sukkerdalen, Breivik, Tarevika
<i>Cuphophyllus russocoriaceus</i>	russelêrvokssopp	NT	Tarevika
<i>Entoloma ameides</i>	grå duftraudspore	NT	Breivik
<i>Entoloma_albotomentosum</i>	pusleraudspore	NT	Sukkerdalen, Breivik, Tarevika
<i>Entoloma_atrocoeruleum</i>	midnattsblå raudspore	NT	Breivik
<i>Geoglossum cookeanum</i>	dynejordtunge	NT	Sandvesanden
<i>Camarophyllopsis atrovelutina</i>	fløyelsnarrevokssopp	DD	Breivik
<i>Lamelloclavaria petersenii</i>	skivekøllesopp	DD	Breivik
Totalt 12 artar			

Tabell 6 under listar opp alle funn av beitemarkssopp i jordprøver, både bestemte og dei som ikkje kan bestemmast til art (for sistnemnte gruppe er artane sannsynlegvis knytt til semi-naturleg eng, men habitatkrava er i utgangspunktet ukjende). Det er totalt 187 moglege beitemarkssopp i

datasettet og dette bør seiast å vere eit høgt tal, men det finst få andre undersøkingar å samanlikna med.

Særleg interessant er to beitemarksoppantar som er funne for første gong i Noreg gjennom desse jordprøvane, og kartleggingsområdet er difor einaste kjende voksestaden til *Geoglossum chamaecyparinum* (Breivik) og *Entoloma riparium* (Sandvesanden). Desse artane er ikkje enno vurderte for raudlista. Svært interessant er også sjeldne artar med få fruktlekam-funn i Noreg (*Glutinoglossum heptaseptatum* – jf. Fedosova m.fl. 2018, fløyelsnarrevokssopp *Camarophylloopsis atrovelutina* (DD) og skivekøllesopp *Lamelloclavaria petersenii* (DD)).

Vidare er det gjort funn av artar som ikkje er funne med fruktlekamar i Noreg, men berre funne i jordprøvar gjennom det treårige eDNA-prosjektet i semi-naturleg eng for Artsdatabanken (samarbeid mellom NMBU, NINA og Miljøfaglig utredning nemnt tidlegare). Dette er *Clavaria californica*, *C. griseobrunnea*, *C. macounii*, *Entoloma moliniophilum*, *Entoloma piceinum*, *Geoglossum variabilisporum*. I lista finn ein og mange artar som tidlegare er funne i Noreg, men ikkje enno er beskrivne. Desse artane har fått eit kodenamn, til dømes *Clavulinopsis* sp.27, eit artsnummer frå eDNA-prosjektet. Fleire av dei ubeskrivne artane er under beskriving (som «*Entoloma* aff. *minutum* OTU 151» og «*Entoloma* sp. close to *Entoloma* aff. *ameides* OTU 188»). Desse numra refererer seg til ubeskrivne arter i det norsk-europeiske *Entoloma*-prosjektet (Noordeloos m.fl. 2022, Dima m.fl. under arbeid, Noordeloos m. fl. under arbeid) der medforfattar John Bjarne Jordal deltek. Som ein ser er det ikkje mange ubeskrivne *Entoloma*, og dette skuldast det nemnde prosjektet, som har halde på i ca. 10 år med sekvensering av innsamla fruktlekamar og beskriving av nye artar. På sikt kan nokre av desse funna bli publisert i Artskart, ettersom dei blir beskrivne.

Det er også interessant å legge merke til at tinnvokssopp *Cuphophyllus atlanticus* (EN) er funne på Åkra-lokaliteten både som fruktlekamar (Jordal 2019) og no også i jordprøvar.

Tabell 6. Liste over bestemte og ubestemte artar innanfor beitemarksopp-gruppene funne i jordprøvar analysert med eDNA av NINA i 2025, sorterte etter vitskapleg namn. Namn med feite typar er nye for Noreg.

Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudliste-kategori	Lokalitet	Kommentar
fløyelsnarre-vokssopp	<i>Camarophylloopsis atrovelutina</i>	DD	Breivik N	Sjeldan og lite kjent art, berre to tidlegare funn av fruktlekamar (Stord, Ålesund)
gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophylloopsis schulzeri</i>	NT	Sukkerdalen	
gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophylloopsis schulzeri</i>	NT	Breivik N	
gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophylloopsis schulzeri</i>	NT	Tarevika	
	<i>Camarophylloopsis</i> sp. clade2		Breivik N	
	<i>Clavaria californica</i>		Sandvesanden	Ikkje kjent som fruktlekamar i Noreg, men funne i jordprøvar (upublisert)
kvit køllesopp	<i>Clavaria falcata</i>	LC	Breivik N	

Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudliste-kategori	Lokalitet	Kommentar
kvit køllesopp	Clavaria falcata	LC	Tarevika	
	Clavaria griseobrunnea		Tarevika	Ikkje kjent som fruktlekamar i Noreg, men funne i jordprøvar (upublisert)
	Clavaria macounii		Breivik N	Ikkje kjent som fruktlekamar i Noreg, men funne i jordprøvar (upublisert)
	Clavaria sp.2		Ferkingstad-neset	
	Clavaria sp.2		Sukkerdalen	
	Clavaria sp.2		Tarevika	
	Clavaria sp.7		Breivik N	
	Clavaria sp.7		Sukkerdalen	
	Clavaria sp.7		Tarevika	
	Clavaria sp.7		Åkra	
	Clavaria sp.8		Breivik N	
	Clavaria sp.8		Ferkingstad-neset	
	Clavaria sp.8		Tarevika	
	Clavaria sp.8		Åkra	
	Clavaria sp.9		Breivik N	
	Clavaria sp.9		Sandvesanden	
	Clavaria sp.9		Sukkerdalen	
	Clavaria sp.9		Tarevika	
	Clavaria sp.10		Tarevika	
	Clavaria sp.11		Sandvesanden	
	Clavaria sp.15		Breivik N	
	Clavaria sp.15		Ferkingstad-neset	
	Clavaria sp.15		Åkra	
	Clavaria sp.22		Breivik N	
	Clavaria sp.24		Sandvesanden	
	Clavaria sp.28		Breivik N	
	Clavaria sp.29		Breivik N	

Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudliste-kategori	Lokalitet	Kommentar
	Clavaria sp.32		Ferkingstad-neset	
	Clavaria sp.33		Ferkingstad-neset	
	Clavaria sp.39		Ferkingstad-neset	
	Clavaria sp.39		Sukkerdalen	
	Clavaria sp.39		Åkra	
	Clavaria sp.50		Sandvesanden	
	Clavaria sp.54		Sandvesanden	
	Clavaria sp.56		Tarevika	
	Clavaria sp.62		Breivik N	
	Clavaria sp.62		Åkra	
gul småkøllesopp	Clavulinopsis helvola	LC	Breivik N	
gul småkøllesopp	Clavulinopsis helvola	LC	Ferkingstad-neset	
gul småkøllesopp	Clavulinopsis helvola	LC	Sukkerdalen	
gul småkøllesopp	Clavulinopsis helvola	LC	Tarevika	
gul småkøllesopp	Clavulinopsis helvola	LC	Åkra	
raudgul småkøllesopp	Clavulinopsis laeticolor	LC	Ferkingstad-neset	
raudgul småkøllesopp	Clavulinopsis laeticolor	LC	Tarevika	
bleiktuppa småkøllesopp	Clavulinopsis luteoalba	LC	Ferkingstad-neset	
bleiktuppa småkøllesopp	Clavulinopsis luteoalba	LC	Sukkerdalen	
bleiktuppa småkøllesopp	Clavulinopsis luteoalba	LC	Åkra	
	Clavulinopsis sp.2		Breivik N	
	Clavulinopsis sp.2		Ferkingstad-neset	
	Clavulinopsis sp.2		Sukkerdalen	
	Clavulinopsis sp.2		Åkra	
	Clavulinopsis sp.5		Tarevika	

Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudliste-kategori	Lokalitet	Kommentar
	Clavulinopsis sp.9		Ferkingstad-neset	
	Clavulinopsis sp.9		Sukkerdalen	
	Clavulinopsis sp.9		Tarevika	
	Clavulinopsis sp.9		Åkra	
	Clavulinopsis sp.10		Breivik N	
	Clavulinopsis sp.10		Sandvesanden	
	Clavulinopsis sp.11		Ferkingstad-neset	
	Clavulinopsis sp.13		Breivik N	
	Clavulinopsis sp.13		Tarevika	
	Clavulinopsis sp.15		Breivik N	
	Clavulinopsis sp.20		Tarevika	
	Clavulinopsis sp.21		Ferkingstad-neset	
	Clavulinopsis sp.21		Åkra	
	Clavulinopsis sp.22		Breivik N	
	Clavulinopsis sp.23		Ferkingstad-neset	
	Clavulinopsis sp.23		Tarevika	
	Clavulinopsis sp.23		Åkra	
	Clavulinopsis sp.27		Breivik N	
	Clavulinopsis sp.27		Ferkingstad-neset	
	Clavulinopsis sp.27		Tarevika	
	Clavulinopsis sp.27		Åkra	
	Clavulinopsis sp.31		Sandvesanden	
	Clavulinopsis sp.42		Sandvesanden	
	Clavulinopsis sp.61		Ferkingstad-neset	
	Clavulinopsis sp.61		Åkra	
	Clavulinopsis sp.62		Ferkingstad-neset	

Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudliste-kategori	Lokalitet	Kommentar
	Clavulinopsis sp.70		Breivik N	
tinnvokssopp	Cuphophyllus atlanticus	EN	Åkra	Dette er ein av 21 kjende norske lokalitetar, også samla her som fruktlekamar 2008 og 2022, foreslått prioritert art.
engvokssopp	Cuphophyllus pratensis coll.	LC	Ferkingstad-neset	Dette er eit kompleks med fleire ubeskrivne arter
russelærvokssopp	Cuphophyllus russocoriaceus	NT	Tarevika	
	Cuphophyllus sp.4		Tarevika	
kritt vokssopp	Cuphophyllus virgineus coll.	LC	Sandvesanden	Dette er eit kompleks med fleire ubeskrivne arter
pusleraudspore	Entoloma albotomentosum	LC	Breivik N	
pusleraudspore	Entoloma albotomentosum	LC	Sukkerdalen	
pusleraudspore	Entoloma albotomentosum	LC	Tarevika	
grå duftraudspore	Entoloma ameides	NT	Breivik N	
sølvgrå raudspore	Entoloma araneosum	LC	Breivik N	
midnattsblå raudspore	Entoloma atrocoeruleum	NT	Breivik N	
glasblå raudspore	Entoloma caeruleopolitum	VU	Åkra	
blårandraudspore	Entoloma caesiocinctum	LC	Ferkingstad-neset	
blårandraudspore	Entoloma caesiocinctum	LC	Sukkerdalen	
	Entoloma cephalotrichum		Åkra	Lite kjent art
flamme fotraudspore	Entoloma exile	LC	Breivik N	
flamme fotraudspore	Entoloma exile	LC	Sukkerdalen	
bronseraudspore	Entoloma formosum	LC	Ferkingstad-neset	
	Entoloma moliniophilum		Tarevika	Ikkje kjent som fruktlekamar i Noreg, men funne i jordprøvar (upublisert)
	Entoloma piceinum		Ferkingstad-neset	Ikkje kjent som fruktlekamar i Noreg, men funne i jordprøvar (upublisert)
	Entoloma piceinum		Sukkerdalen	Ikkje kjent som fruktlekamar i Noreg, men funne i jordprøvar (upublisert)

Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudliste-kategori	Lokalitet	Kommentar
	Entoloma piceinum		Tarevika	Ikkje kjent som fruktlekamar i Noreg, men funne i jordprøvar (upublisert)
	Entoloma piceinum		Åkra	Ikkje kjent som fruktlekamar i Noreg, men funne i jordprøvar (upublisert)
tjæreraudspore	Entoloma poliopus	LC	Sandvesanden	
	Entoloma riparium		Sandvesanden	Ny for Noreg
beiteraудspore	Entoloma sericeum	LC	Breivik N	
beiteraудspore	Entoloma sericeum	LC	Åkra	
belteraудspore	Entoloma undatum	LC	Sandvesanden	
	Entoloma ventricosum	LC	Sukkerdalen	Spreidde funn i Sør-Noreg
	Entoloma ventricosum	LC	Åkra	
